Norsk økologisk urtefrøproduksjon

Utarbeidet av Vestfold Bondelag i samarbeid med Bioforsk Øst, Kise
Tekst og foto: Gunhild Børtnes

Så langt ser det ut som det vil vera mogeleg å få fram frø i Norge av sortar i dei eittårige krydderverkstane sar og dill. For fleirårige kryddervokstrar vil dette også vera mogeleg for kryddersalvie og sitronmelisse. For bergmynte bør vi satsa på den som er tilpassa vårt klima.

Frå og med 2004 vart det krav om å bruka økologisk frø i økologisk produksjon. Økologisk frø med kjent sortsnavn er det berre få av. Spørsmålet er om vi kan få fram sortar som eignar seg i norsk klima.

”Økologisk frø til urteproduksjon” er eit delprosjekt under ”Nasjonalt pilotprosjekt — økologisk formeiringsmateriale”. Delprosjektet blir utført av Bioforsk Øst Kise. Ein er no inne i siste prosjektåret. Målet med prosjektet var å finna fram til gode sortar for dei vanlegaste

artane i urter. Ein skulle dessutan finna ut om sortane ville gi moge frø på friland på stader med ulike klimatilhøve.

Sortar utan navn
Det vart planta fire felt med sju artar: Bergmynte *(Oreganum vulgare)*, kryddertimian *(Thymus vulgaris)*, kryddersalvie *(Salvia officinalis)*, sar *(Satureja hortensis)*, dill *(Anetheum graveolens)*, glattbladpersille *(Petroselinum crispum* var. *neapolitanum)*, også kalla fransk eller italiensk persille, og sitronmelisse *(Melissa officinalis)*. Av kvar art vart det kjøpt inn frø frå fem ulike frøfirma. Ingen av frøpartia hadde sortsnavn. Dei kan difor brukast til vidare oppformeiring utan krav om eigarrettar. Det vart kjøpt inn så mykje frø at for frøparti som ga gode resultat første året skulle det vera mogeleg å produsera frø av desse seinare år. Overskytande frø vart lagra ved -18 °C for seinare bruk. Forsøksfelta vart plassert i ulike klimasoner, i Hedmark, Vestfold, Nord-Trøndelag. Eit felt vart delt mellom Agder og Sogn og Fjordane.

Observasjonar det første året (2003)
Det første året registrerte vi tørrstoffavling. Vi sende bladprøvar til analyse av eterisk olje. Dette vart gjort ved Plantebiosenteret ved NTNU i Trondheim. Vi testa dessutan sortane for farge, smak og lukt.

- Bergmynte: Alle rutene hadde blomst og frø på Kise, i Vestfold og i Sogn og Fjordane, men det var ikkje einsarta planter i dei ulike frøpartia.
- Kryddertimian: Alle rutene hadde blomst og frø på Kise, i Vestfold og i Sogn og Fjordane. Blomstringa på rutene var ujamn.
- Kryddersalvie: Ingen frøparti blomstra på nokon av stadene.
- Sar: Alle frøpartia blomstra og sette frø på alle felta.
- Dill: Alle frøpartia blomstra og sette frø på alle felta.
- Bladpersille: Som vi venta fekk vi ikkje frø første året på bladpersille som er ein toårig plante. På Kise sette vi planter av bladpersille inn i kjølelager til overvintring for å sjå om ein fekk frø det andre året.
- Sitronmelisse: Ingen planter blomstra første året med unntak for nokre få planter på Kise.

Vi valde ut to sortar i dei eittårige vokstrane sar og dill som vi arbeidde vidare med.

Andre året (2004)
Både kryddersalvie og sitronmelisse ga modent frø det andre året i Vestfold, Sogn og Fjordane og Hedmark. På Kise vart det hausta frø tre gonger i august. Tilsvarande vart sitronmelisse hausta 11. oktober og 23. november. Dårleg-are spiring med utsett hausting skuldast først og fremst sterkare åtak sopp og andre skadegjerarar.

Fra forsøksfelt i Sogn første år.

Fra forsøksfeltet i Hedmark det andre året.

Av frøpartia vart 20 prøvar testa for sopp ved ved Bioforsk Plantehelse på Ås. Mange ulike soppar/skadegjerarar vart registrerte. Medan dei opphavelege frøpartia hadde moderate førekomst, hadde sein hausting og dårleg vær før hausting auka mengda av skadegjerarar.

Spireprosenten i sar i 2004 varierte sterkt med dyrkingsstad , sjølv om det også var skilnad på sortane. Dei sørlegaste dyrkingsstadene ga best resultat dette året. Utslaget var endå større for dill.

Tredje år (2005)
Vi hadde ti felt hjå dyrkarar og felt lagt ut gjennom forsøksringane FØKO-urt og TRØKK. Svært dårleg sommar i Trøndelag førte til dårlege felt, og eit felt vart sådd ut så seint at vekstsesongen vart for kort. Frå prøvefelta vi hadde fekk vi inn seks prøvar hausten 2005. Av desse var det tre prøvar av sar, to av dill, og ein med glattbladpersille. Dette var prøvar med kvalitet som vi fann var brukbar. Desse prøvane vart spiretesta i januar 2006 ved Skogfrøverket i Hamar.

Alle prøvane av sar hadde høg spireprosent, svært godt ut kom frøet frå Brøttum. Dillfrøet frå Brøttum hadde ein del sopp, og kom svært dårleg ut. Dill nr. 5 frå Røyse hadde svært høg spireprosent. Stratifisering av frøet hadde negativ verknad for begge frøpartia i dill. Å stratifisera frø betyr at frøa blir handsama før spiring. Vi la frøa i fuktig papir i plastposar ved 4 °C i 6 dagar. Den same verknaden for stratifisering fekk ein i glattbladpersille med 16 og 6 % spiring.

Timian (øverst) og bergmynte – felt i Vestfold 2003.

Konklusjon
• Etter tre år meinar vi at det er mogeleg å få fram gode sortar i dill og sar på gode dyrkingsstader. Særleg såg vi god spireprosent i dill og sar i 2005.

• For sitronmelisse og kryddersalvie er det truleg mogeleg å dyrka frø i Norge på andreårs planter. Bruk av enkle plasthus vil truleg vera ein fordel.

• For kryddertimian må ein satsa på eit betre materiale enn det vi starta med.

• For bergmynte er det viktig å få fram sortar for norske vilkår. Det vart sommaren 2004 planta ut eit klonfelt med 36 klonar, frå Sør-Norge til og med Nordland, på Bioforsk Øst Kise.

• For glattbladpersille er det lite realistisk med norsk produksjon på friland. Dyrking i plasthus på klimatisk gode stader vil truleg gjera det mogeleg. Men det frøet vi fekk inn frå eit felt i 2005 ga dårlege resultat for spiring.

Meir informasjon
www.bioforsk.no
www.oikos.no

Informasjon om sortsprøvingar i urter er publisert i artiklar i Grobladet (utgitt av Oikos).

Meir informasjon kan ein få av frøfirmaene – ei oversikt over økologisk frø og firma som sel økologisk frø fins på www.okofro.no

Denne artikkelen er tidligare publisert i Økologisk Landbruk nr 1-2006

Sist oppdatert 5. oktober 2006

Nasjonalt Pilotprosjekt for Økologisk Formeringsmateriale

Tema 1 – Engfrø
Tema 2 – Såkorn
Tema 3 – Settepotet
Tema 4 – Grønnsaker og urter
Tema 5 – Frukt og bær
Tema 6 – Generelt om frø

Last ned fra www.agropub.no eller www.grontfagsenter.no/of

Utgitt med støtte fra Statens Landbruksforvaltning